

Spørsmål til fylkesutvalet, 08.november 2022

Frist for å sende inn spørsmål: Fredag 04.november, kl 0900

Oversikt mottekne spørsmål

Nr.	Avsendar interpellasjon	Tema
1.	Sigbjørn Framnes (Frp)	Bybanen/Miljøløftet
2.	Spørsmål frå Helle (A)	Vinterstengt fylkesveg 5742 Bjordal – Matre
3.	Spørsmål frå Andersen (UA)	Intensjonsavtale mellom Vestland, Bergen og Kina
4.	Spørsmål frå Helle (A)	Kontraktsform kantinedrift

1. Sigbjørn Framnes (Frp); om Bybanen/Miljøløftet

Bybanen, Miljøløftet:

1. Kva er årlege direkte og indirekte fylkeskommunale drift -og finanskostnader knytt til bybanen og miljøløftet i dag?
2. Kva vil tilsvarende årlige kostnader være ved innføring av byggetrinn 4?
3. Kva vil antatte tilsvarende årlige kostnader totalt bli ved innføring av byggetrinn 5?

Det vil opplevast greitt om svaret på alle tre spørsmål kan ende opp i ein samla sum som belastast fylket sitt budsjett i åra framover. Har forståing for at ikkje alle tall kan gis med to strek. Men forventar at ein legg til grunn best mogleg anslag.

4. I førre svar på same spørsmål viste ein til kostnader innan veg og grønstruktur, kunne desse kostnadane blitt spesifisert?

Svar frå fylkesdirektøren

Fylkesdirektøren ønsker å kvalitetssikre svar til Framnes med konstituert ny avdelingsdirektør for mobilitet og kollektivtransport, og vil derfor be om forståing for at ein vil utsette svar på spørsmåla til neste fylkesutval, den 29. november 2022. Svara vil handsamast i ei RS-sak i det nemna fylkesutvalet.

2. Spørsmål frå Helle (A); om vinterstengt fylkesveg 5742 Bjordal – Matre

Representanten Arve Helle (Ap) har meldt inn følgjande skriftlege spørsmål til fylkesutvalet 08.11.22; «Gjennom oppslag i NRK Sogn og Fjordane er eg gjort kjend med at fylkesveg 5742 Bjordal – Matre vart vinterstengt 1. november. I SAMO sitt møte 13. januar i år var det ei referatsak der det låg referat frå eit møte mellom Høyanger kommune og Vestland fylkeskommune.

I følgje referatet peika Høyanger kommune på at det kunne vere aktuelt for dei å delta i eit spleiselag for å halde vegen noko lenger open. Eg oppfatta det slik at dette utspelet gav grunnlag for ein prosess vidare, men registrerer no at vegen er vinterstengt 1. november slik som har vore vanleg.

Kva skal til for at ein skal kunne halde denne vegen open fram til snøen kjem?»

Svar frå fylkesdirektøren

I samband med ny driftskontrakt for Nordhordland gjeldande frå 1.9.2018, vart det lagt opp til å utvide perioden med vinterstenging av bl.a. fv. 92 (no: fv. 5442) Bjordal – Matre, med verknad frå hausten 2019. Bjordal –Matre er vinterstengt i perioden 1. november til 1. mai. Dette vart gjort med bakgrunn i innsparingstiltaka som fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok som følgje av nytt inntektssystem/omstillingsprosjektet i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vestland fylkeskommune må halde seg til dette vedtaket inntil det eventuelt vert gjort eit nytt vedtak.

Sjølv om det ikkje er kome snø no får fylkeskommunen beredskaps- og driftskostnadar om vegen skal haldast open inntil vegen må stengast på grunn av for mykje snø i fjellet. I eit normalår vil det koste om lag kr 100.000 per ekstra månad vegen er open.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå å ha motteke noko tilbakemelding frå Høyanger kommune om bidrag til eit spleiselag. I 2022 er det meirforbruk på driftsbudsjettet, så finansiering må avklarast og det må gjerast eit nytt politisk vedtak før ein eventuelt kan forlenge opningstida.

3. Knut Inge Andersen (UA); om intensjonsavtale mellom Vestland, Bergen og Kina

Denne veka kom meldinga om at Universitetet i Bergen avsluttar samarbeidet med Kina om å byggje opp eit forskningssenter i Quindao.

På førre fylkesutvalsmøte 19.oktober 2022 framkom at Vestland fylke og Bergen kommune i byrjinga av januar 2022 signerte ein intensjonsavtale om turisme og maritim næringsaktivitet. Avtalen syner mellom anna til planer om å byggje opp eit 'Sino-Norwegian cooperation hub' i Quindao.

Spørsmål:

- 1. Kva har skjedd av aktivitetar i 2022 under denne avtalen, og kva er planlagt i tida framover?*
- 2. I lys av at UiB trekkjer seg frå samarbeidet om forskningssenter i Quindao, og den noverande tryggingpolitiske situasjonen, vil det være naturleg at Vestland tek kontakt med Bergen kommune for å vurdere ei snarleg terminering av intensjonsavtalen?*

Svar frå fylkesdirektøren

1. Det har ikkje vore henvendingar om oppfølging av intensjonsbrevet til VLFK. Men, vi registrerer at Norwegian Growth/China Bridge vurderer forretningsmessige moglegheiter for verksemder Norge-Kina.
2. På same tids som nasjonale styresmakter ønskjer å normalisera handelsmessige forhold til Kina, er det i år blitt ein heilt ny geopolitisk situasjon. Fylkesordførar rår til at folkevalde får oppdtaert kunnskap i situasjonen og foreslår at Norwegian Growth/China Bridge vert invitert til å gje ei orientering i Næringsutvalet og/eller FUV, og at ein vurderer saka vidare derfrå.

4. Spørsmål frå Helle (A); om kontraktsform kantinedrift

I eit tidlegare fylkesutvalsmøte stilte eg spørsmål om drift av kantina i det nye fylkeshuset ville bli gjennomført som ein reservert kontrakt slik som tidlegare. Både spørsmål og svar var munnleg, men eg meiner bestemt det vart svart at ein ville halde fram med same kontraktsform.

Eg er kjend med at konkurransen vart lyst ut som eit ope anbod og at kontrakten no er tildelt eit kommersielt firma.

Kva vurderingar ligg bak dette?

Svar frå fylkesdirektøren

Viser til spørsmål som gjeld anbodskonkurransen for drift av kantina ved det nye fylkeshuset i Bergen.

Som orientert om i RS-sak 15/2022 som vart lagt fram for fylkesutvalet 9. februar i år var anbodet utforma som ein inkluderande kontrakt. Ein inkluderande kontrakt er ein konkurranse som ikkje vert reservert for verksemdar som oppfyller krava i anskaffingsforskrifta §§ 8-8/16-9/30-3, men der det likevel vert stilt krav om ein viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne eller arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar i arbeidsmarknaden. Formålet med å ta i bruk inkluderande kontraktar er å oppnå ein større grad av inkludering i arbeidslivet enn det fylkeskommunen kan forvente å oppnå berre med reserverte kontraktar.

Om bakgrunnen for valet av utforming som inkluderande kontrakt

Før utlysning av kantineanbod vart det gjort eit grundig forarbeid. Dette inkluderte vurderingar kring fylkeskommunen sine moglegheiter på utleigemarknaden, altså finansiering av bygget, brukarreiser med ulike brukargrupper for å undersøke behovet for tenester gjennom kantineleverandøren, og ei undersøking av kva marknaden kunne tilby. Desse vurderingane er summert opp i anskaffingsstrategien for kantineanbodet, der det vart konkludert med at ein så brei konkurranse som mogleg var mest føremålstenleg for å dekke flest mogleg av behova og slik sikre at kantina blir eit av fleire komparative fortrinn i utleigemarknaden. Dersom vi hadde nytta reservert kontrakt, viser erfaring at vi mest sannsynleg berre ville ha motteke eitt tilbod og ikkje fått denne konkurranseeffekten.

Det vart i dei innleiande fasane konkludert med følgjande i notat om strategiske val til styringsgruppa for Nytt Fylkeshus:

«Det er viktig at kvaliteten på kantina er av same høge kvalitet som resten av bygget for å tiltrekke seg godt betalende leigetakarar. Konkurransen i nærområdet er stort, og bygget vert finansiert gjennom leigeinntekter. Vidare kan kantina dekke mange tiltak for ein meir saumlaus kvardag for brukarar av bygget gjennom digitale verktøy. Kantina er også viktig i høve fleire sentrale innkjøpsmål innan miljø og berekraft, tilrettelagde arbeidsplassar, og sunn mat/folkehelse. Fleire kantineleverandørar jobbar nå med innovative løysingar kring betre utnytting av restemat, meir tilrettelagde tenester for den einskilde og for digitale tenester for effektiv bestilling og betaling uansett tidspunkt og kvar ein er. Det viktigaste tiltaket for å få ein kantineleverandør av høg kvalitet, er å sørge for så brei konkurranse som mogleg.»

I ein krevjande utleigemarknad der det er mange gode utleigeobjekt, må vi vere konkurransedyktig på kvalitet, tenestnivå og pris. Det har også vist seg utfordrande å leige ut kontorlokala i nytt fylkesbygg. Då vert det endå viktigare å sikre at vårt utleigeobjekt har så mange komparative fortrinn som mogleg, med mellom anna ei svært attraktiv kantine. Vi fekk også tilbakemeldingar frå marknaden og frå våre rådgjevarar om kor viktig høg kvalitet på kantina er for attraktiviteten, skildra slik i notat om strategiske val:

«Kvaliteten gjeld utval og tilbereding av mat, grafisk profil i kantineområdet, framtoning, servicenivå både på sal direkte i kantina og i samband med møte, samt tilgang til digitale hjelpemiddel som gjer det enkelt å tinge og betale mat både til møte, i kantina, overskotsmat mm. Dersom vi ikkje får denne gode kvaliteten, kan det bety at vi får vanskar med å leige ut, at utleigeverdien vil synke over tid, og at ein potensiell leigetakar ikkje vil nytte kantina og dermed heller ikkje vil betale for kantinetenestene som del av leigeprisen. Det er også mogleg at fylkeshuset vil kunne vere ein aktør i kurs- og konferansemarknaden. Dette gjeld mange av møteromma, fylkesutvalsalar og fylkestingssal mm. Mattilbodet bør da vere i same standard som i hotell/konferansemarknaden.»

Om utforminga av konkurransen som inkluderande kontrakt opp mot fylkeskommunen sine hovudmål for innkjøp

I tråd med måla skal fylkeskommunen sine innkjøp m.a. gjennomførast i tråd med regelverket og lovfesta grunnleggande prinsipp i dette, m.a. det grunnleggande prinsippet om konkurranse. Det er vidare eit mål at innkjøpa skal vere så kostnadseffektive som råd, miljøvenlege og berekraftige.

Det er også eit mål at fylkeskommunen, gjennom innkjøp, skal ta samfunnsansvar, og då særleg med vekt på seriositets- og lærlingekrav, på følgjande måte:

- «Vestland fylkeskommune skal syte for at alle innkjøp fremjar respekt for grunnleggjande menneskerettar, tilfredstillande arbeidsforhold og andre sosiale forhold. Dette skal til dømes gjerast

gjennom å ivareta krav til løns- og arbeidsvilkår i kontraktane og sikre universell utforming i innkjøp der dette er relevant.

- Vestland fylkeskommune skal gjennom innkjøpspraksisen sin ivareta etiske retningslinjer. Fylkeskommunens direkte og indirekte kjøp skal vere etisk forsvarlege og ikkje bidra til brot på folkeretten og menneskerettane. Innkjøpspraksis skal vere i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipp, som ILO sine kjernekonvensjonar.
- Vestland fylkeskommune skal bruke innkjøpsmakta si til å leggje til rette for bedrifter som har ansvar for attføring og varig tilrettelagde arbeidsplassar der det er mogleg.
- Vestland fylkeskommune skal stille seriøsitetskrav ved alle konkurransar, mellom anna krav om lærlingar, fast tilsette og faglært arbeidskraft i tenestekontraktar.»

I vurderinga av konkurranseform, vart det på bakgrunn av marknaddialogen vurdert at alle dei aktuelle tilbydarane var gode på å støtte fylkeskommunen sine mål om å legge til rette for bruk av leverandørar som kan tilby tilrettelagde arbeidsplassar, noko dei seinare tilboda også viste. Tiltak for tilrettelagde arbeidsplassar vart evaluert som del av konkurransen. Inkluderande kontrakt er ei mindre omfattande føring for konkurransen og resultatet enn å definere dette som ein reservert kontrakt. Gjennom den inkluderande kontrakten får fylkeskommunen ein leverandør som tilbyr både lærlingplassar og tilrettelagde arbeidsplassar. Vi får også ein leverandør som er svært god på miljø/klima-kriteria og berekraftig mat.

Gjennom bruken av inkluderande kontrakt har fylkeskommunen opna for breiare konkurranse, både av omsyn til fylkeskommunen sine eigne behov som eigar og utleigar av bygget og av omsyn til marknaden, samstundes som fylkeskommunen tek samfunnsansvar gjennom å krevje bruk av lærlingar og tilrettelagde arbeidsplassar, og gjennom krav relatert til miljø/klima og berekraftig mat.